

STRYN KOMMUNE



STRYN KOMMUNE

Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket



2021-2024

Innhold

1 Bakgrunn	3
2 Grunnlag	3
Naturmangfaldlova	3
Kulturlandskap/kulturminne/verneverdige bygningar:	3
Landbruksureining:	4
Regionalt miljøprogram.....	4
3 Lokal medverknad og forankring	4
4 Mål	4
5 Prioriteringar	5
Generelt.....	5
Viktige kulturområde	5
Bygningar/bygningsmiljø.....	6
Spesielle naustmiljø	6
Skjøtsel slåttemark/beite	7
Tilrettelegging for ferdsel.....	7
Gjerdehald.....	7
Steingardar/bakkemurar	7
Landbruksureining	7
Uønska plantar (Svartelista artar).....	8
6 Søknadsfrist	8
7 Sakshandsaming	8
8 Tilskotsbehov.....	8

1 Bakgrunn

Føremålet med ordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket, SMIL-ordninga, går fram av § 1 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

«§ 1. Formål

Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.»

Innsatsen og tiltaka skal vere best mogeleg målretta, med bakgrunn i lokale miljømessige behov og utfordringar. Difor skal tilskotsmidlane prioriterast på grunnlag av lokalt tilpassa målsettingar og strategiar, viste i lokale tiltaksstrategiar.

Første tiltaksstrategi for bruk av SMIL-midlar i Stryn kommune vart utarbeidd og vedteken i 2004. Bakgrunnen var at meir mynde og ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken vart overført til kommunane (St. meld. nr.19 (2001-2002)) Kommunane fekk større handlingsrom og dermed auka lokaldemokrati innafor landbruksområdet. Målet var mest mogleg lokal tilpassing av verkemidlane i landbruket.

I Stortingsmeldinga vart det lagt vekt på det ansvaret som kviler på samfunnet og landbruksnæringa i forvaltning av areal – natur og kulturhistoriske ressursar. Viktige signal i landbrukspolitikken er elles å framheve landbruket som produsent av fellesgode – det multifunksjonelle landbruket. Landbruket har ein sentral plass i forvaltninga av kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og kulturminna. Strategien er revidert kvart fjerde år.

Erfaringane er at strategien slik han ligg føre har vore eit godt reiskap for fordeling av midlar, og vi ser ikkje at det er behov for store endringar. Ein del justeringar må likevel gjerast for å tilpasse til nytt regelverk og nye erfaringar som er gjort undervegs.

2 Grunnlag

Stryn kommune har ca 35000 da jordbruksareal i drift, fordelt på ca 250 driftseiningar som søker produksjonstilskot (2020). Sjølv om tal aktive bruk vert redusert, greier ein i stor grad å halde oppe drifta av alt arealet. Reduksjon av dyrehold og konsentrasjon i større einingar gjer at det er vanskeleg å hindre attgroing i mange område som før var beite, både på innmark og i utmark.

Ved utarbeiding av tiltaksstrategi for Stryn kommune, og seinare revideringar, ligg følgjande lover, kommunale og regionale planverk til grunn:

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova som kom i 2009 krev at det i endå større grad vert teke omsyn til biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald i all offentlig forvaltning, det vil også ha innverknad på handsaming av SMIL-søknader i kommunen

Kulturlandskap/kulturminne/verneverdige bygningar:

Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune
Kommunedelplan for bygningsvern
Biologisk mangfald i Stryn kommune

Kjerneområde for landbruk i Stryn kommune
Kommuneplan for Stryn Kommune
Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane
Kommunedelplan for kulturminne

Landbruksureining:

Forvaltningsplan for vassregion Vestlandet (2010)

Regionalt miljøprogram

Landbruksdepartementet forventar at kommunane sine tiltaksstrategiar bidreg til å styrke koplinga mellom SMIL- og RMP (regionalt miljøprogram) tilskota. Dette er noko ivareteke i eksisterande plan gjennom tilskot til skjøtsel og rydding av gammal kulturmark og restaurering av steingardar. Det er opna for tilskot til permanent gjerde i samband med skjøtsel med ammegeit og kje.

3 Lokal medverknad og forankring

Revisjon av tiltaksstrategien i 2020 har ikkje medført ei gjennomgripande forandring av dokumentet. Utkast har vore sendt til bondelaga, bonde –og småbrukaraga og dei andre medlemmene i landbruksforum. Strategien vert lagt fram for formannskapet for godkjenning.

4 Mål

Stryn kommune omfattar eit vidt geografisk område og har eit variert landskap med mange kvalitetar. Det bur folk som driv gardar i alle delar av kommunen, og dette pregar kulturlandskapet. Variert landskap gjev ulike driftsmåtar. Det er stort spenn frå gardane ved fjorden i Innvik og Loen/Rake til høgareliggande bruk på Fjelli og Maurset, frå flate gardar i t.d. Oldedalen, Erdalen og Strynebygda, til brattlente bruk på Flo, Tvinnereim og Hopland.

Stryn har gjort turisme til ein av levevegane sine, og med det ”sel” vi kulturlandskapet vårt heile tida. Difor er det av stor tyding at dette ”produktet” også i framtida kan framstå som opplevingsverdig. I Stryn kommune meiner vi det er viktig å ta vare på fleire element i kulturlandskapet. I dei seinare åra har attgroing vore eit tema som har gått igjen i ulike fora, og frå fleire ståstader ser ein at dette er eit problem. Ein ynskjer å hindre attgroing av verdfulle kulturlandskap, men ser på same tid at det er uråd å kjempe mot attgroinga i alle typar landskap.

Det er også eit ynskje å ta vare på gamle, verdifulle bygningsmiljø og einskildbygningar, som eit vesentleg element. Slik kan ein dokumentere eit heilskapleg miljø og vise korleis folk har levd her i tider før oss.

Til liks med andre næringar må landbruket drive

Målet med dei spesielle miljømidlane til jordbruket vil vere

- Å ta vare på det levande kulturlandskapet som viser at Stryn er og har vore ei levande jordbruksbygd
- At landbruket i Stryn skal framstå som ei næring som ikkje ureinar og bryt ned, men tek vare på miljøet og det biologiske mangfaldet
- Å legge til rette for at ålmenta kan nytte og oppleve kulturlandskap og natur, m.a. ved å halde ved like gamle ferdssårer og stiar.

- Å vise at samfunnet set pris på kulturlandskapet ved å gje vesentleg økonomisk støtte til dei eigarane som vil gjere ein innsats for ta vare på kulturarven

5 Prioriteringar

Generelt

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket av 04.02.2004, sist endra 01.01.17 og Rundskriv 2017-13 frå Landbruksdirektoratet, Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket, ligg til grunn for tildeling av midlar. På enkelte punkt nemnde i tiltaksstrategien vert det gjort unntak frå desse retningslinjene.

- For å sikre likeverdig tildeling, vil det til vanleg ikkje bli løyvd planleggingsmidlar, men ein vil nytte dei avgrensa midlane til faktiske investeringar.
- Det kan tildelast midlar til rydding av ferdsselsårer i utmark.
- Erfaring tilseier at dei fleste søknadene som kjem inn er ein-skildsøknader, saker som gjeld eitt bruk. Også i område omfatta av områdeplan, viser det seg at det kan vere enklare å få gjennomført tiltaket dersom den ein-skilde grunneigar søker for sin eigedom. Vi ser ikkje at det er ulemper med dette. Om søknaden er fellessøknad eller ein-skildsøknad vil ikkje ha innverknad for å prioritere det eine fram for det andre, men kvaliteten på tiltaket vil vere avgjerande for om tildeling av midlar er aktuelt.

Ved forskriftsendringar innafor perioden for denne tiltaksstrategien vil dei gjelde framfor strategien.

Viktige kulturområde

I kommuneplanen sin arealdel har ein med bakgrunn i "Kommunedelplan for bygningsvern" og "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune" lagt inn dei viktigaste områda. I tillegg er dei best ivaretekne og særmerkte stølane/setrane, og spesielle naustmiljø markerte.

Kommunen har eit kulturlandskapsområde av nasjonal verdi, Faleide Utigard. På Faleide er både bygningar og slåtteteigar og andre element tekne vare på, og garden framstår som eit heilskapleg miljø. Og sidan eigaren bur på bruket, vert dette noko meir enn eit museum. Faleide må difor tilgodesjåast med årlege tilskot til skjøtsel, og midlar til vedlikehald av bygningar m.m.

Andre viktige kulturområde/bygningsmiljø er viste i kommuneplanen sin arealdel, og dei av desse som har landbrukstilknytning kan prioriterast ved søknad om miljømidlar dersom formelle krav er oppfylte. Desse er:

Segestad	Skora
Gardstun på Aaning	Utigard Faleide
Gardstun i Vik	Ingebrigten
Gardstun på Reme	Kvennhusmiljø Kvamme
Gardstun på Steinsåker	Kulturlandskap på Langeset
Isakbruket, Gald	Yri
Gardstun på Ytre Lunde	Breng
Nedrebergtnet	Haugane (Hjelledalen)
Gardstun på Auflem	Gardstun Bø
Hojen/Nykvia	Tvinnereim (utelader mm)
Kvennhusdalen på Ulvedal	Smiemyra på Auflem
Kvennhusmiljø Berge/Rygg	Liatunet
Gardstun Tonning	

Bygningar/bygningsmiljø

Kommunedelplan for bygningsvern vil verte brukt som eit hjelpemiddel for prioritering og til å vurdere kva bygningar som skal tildelast tilskot. Likeeins vil vi vektlegge om bygningen er plassert i eit av dei sæter- eller naustmiljøa som er nemnde i kommuneplanen sin arealdel. Desse miljøa vil òg ha høg prioritet ved søknad om midlar til skjøtsel og slått.

Av bygningar som er registrerte i kommunedelplan for bygningsvern vil dei som er klassifiserte til verneklasse A ha høgast prioritet. Bygningar i verneklasse B og C kan òg tilgodesjåast med midlar. Det vil vere naturleg å differensiere tilskotet etter vernekvaliteten på bygningen. Etter forskrifta kan SMIL-midlar ikkje løyvast til freda bygningar.

Særmerkte stølar/setrar markerte i kommuneplanen:

Moldreimstølen	Tistamstølen	Frøysetstølen
Juvstølen	Brulandstølen	Valakerstølen
Verlostølen	Heggdalstølen	Lyslostølen
Remestølen	Frøholmsetra	Holhøgesetra
Agjeldsetra	Laukisetra	Yrisetrane
Rustøysetra	Høgalmsetrane	Kvamesetra
Sundesetra (Olden)	Bødalsetra	Rakssetra
Sundalsetra	Vetledalsetra	Øvre del av Bøasetra
Sætresetra	Storesetra (Erdal)	Furesetra
Skårsetra	Ytreidssetra	Svarstadstølen
Faleidstølen	Vinsryggsetra	Nos
Tonningsetra	Ruteflotsetra	Ulvedalstølen
Randastølen	Ålandstølen	Hoplandstølane
Grendasetra	Øvrebergsetra	Tonningnedsetra
Vikanedsetra	Indre Sjølvbergstølen	Lundesetra
Maursetsetra	Holsetra	Lundesetra (Stauri)

Felles for desse setrane/stølane er at det er gamle og særmerkte stølsområde utan større tekniske endringar. Ved restaurering/nybygging i desse områda gjeld spesielle retningslinjer, og ein skal søke å unngå vegbygging nærare enn 200 meter frå stølen.

Spesielle naustmiljø

Desse naustmiljøa langs fjorden skal spesielt takast vare på:

Moldreimsnausta	Naustmiljø Hestøda
Agjeldnausta	Øiestadnausta
Kårstadnausta	Blaksetnausta
Sjølvbergnausta	Rosetnausta
Bergsetnausta	Hildanausta
Naustmiljø Faleide	

I tillegg skal ein legge vinn på å ta vare på fire naustmiljø ved innlandsvatn:

Brekkenausta
Naustmiljø Eide
Naustrekke Øvre-Flo (Oppigardsnausta)
Furenausta

Skjøtsel slåttemark/beite

Attgroing kan best hindrast ved eit aktivt beitebruk og/eller årleg slått av areala. Stimulerings tiltak til beiting og slått av bratt areal er lagt inn i regionalt miljøprogram. I område der slått vert for tungvint og beiting ikkje er tilstrekkeleg, må ein gå inn med midlar til rydding/skjøtsel. Tilskot til rydding av beite kan innvilgast til det som er gammal kulturmark. Ved beiterydding er det ein føresetnad at areala vert beitte i ettertid, og det bør brukast glyfosat for å hindre at renningar gror opp. Ein fleirårig skjøtelsplan skal danne grunnlag for søknaden. Rydding av attgrodde beite vil vere meir arbeidskrevjande enn årleg skjøtsel av slåttemark. Difor vil satsane vere ulike på desse to typene tiltak. Ein må prioritere område som framleis har mesteparten grasmark, og ikkje er blitt til skog. Rydding av nye beite i skog vil ikkje bli prioritert.

Tilrettelegging for ferdsel.

For fastbuande og turistar er det av stor verdi å kunne nytte natur og kulturlandskap til friluftsliv og rekreasjon. Stiar i skog og utmark gror mange stader att på grunn av mindre bruk av folk og beitedyr. Dei fleste gamle ferdselsårane på våre kantar går gjennom utmark, og vi meiner det er rett å gje tilskot til rydding av slike stiar i utmark sjølv om Landbruksdirektoratet i sitt rundskriv 2015-17 seier at "tiltak som tilrettelegger for ferdsel, bør i prinsippet ikke omfatte turveier og stier i skog og utmark". Å få nytte skogsstiar og halde desse ved like, er eit vesentleg bidrag til å ivareta kulturarv, og for turgåarar er stiane eit godt alternativ til alle skogsvegane.

Gjerdehald

Vedlikehald av gjerde mot utmark og kring innmarksbeite er ei stor utfordring. Stadig fleire gardsbruk er utan husdyr og den kollektive interessa for å halde gjerda i orden fell bort. Dette medfører at gjerdebyrda i stor grad vert overlata til husdyreigarane åleine.

Gjennom Organisert beitebruk kan det gjevast tilskot til sperregjerde og nye fellesgjerde i utmark eller mellom innmark og utmark. Gjennom SMIL-ordninga kan det gjevast tilskot til gjerde når dette er ein del av eit tiltak for å rydde eit område eller styre beitinga mot eit biologisk verdifullt område. Vanleg vedlikehald av gjerde eller inngjerding av vanlege produksjonsareal med dyrka mark og kulturbeite fell utafør desse ordningane. Same tiltaket kan ikkje få støttast frå begge ordningane.

Steingardar/bakkemurar

Gjennom regionalt miljøprogram kan ein søkje om midlar til årleg vedlikehald av steingardar og bakkemurar. Dette er snakk om små summar, og strekk ikkje til dersom det er stort renoveringsarbeid som må utførast. Det kan vere ynskjeleg å bidra med tilskot til større arbeid i slike tilfelle. Dette er kostbare tiltak, og ein søknad vil krevje stor del av potten dersom vi set ein høg tilskotssats. Det kan gjevast årleg vedlikehaldstilskot gjennom RMP.

Landbruksureining.

Det har tidlegare vore gjennomført registreringar over gjødsel- og pressaftanlegga kring på gardane, men registreringa er ikkje ajourført. Dei fleste bruka som enno driv med husdyr i noko omfang, har investert og vedlikehalde anlegga sine. Ureining frå landbruket er ikkje eit stort problem i kommunen. I den grad ein har utslepp, skuldast det i fleste tilfelle manglande eller feil bruk av

anlegget, eller utkøyring av gjødsel på uheldig tidspunkt. Forvaltningsplan for vassforekomstar i Stryn er utarbeidd. Ein har så langt ikkje kunne fått avdekka heilt korleis landbruk medverkar til at vasskvaliteten i enkelte elvar ikkje er god nok, og det er ikkje føreslått konkrete tiltak som kan avhjelpe problema. Det vert arbeidd vidare med utgreiing av dette, og tiltak med forankring i denne planen og tiltaksprogrammet vil bli vurderte som tilskotsberettiga.

Oppgradering og vedlikehald av anlegg må finansierast av den einskilde brukar. Dersom det er snakk om større nyinvesteringar, kan andre finansieringsordningar nyttast.

Fleire har gjødsellager utan tak. Mykje nedbør medfører at lager blir oppfylte og lagerkapasiteten blir for liten. Dette igjen gjer at gjødsla må køyrast ut på ei tid på året som ikkje gjev særleg utnytting av gjødseleffekten. Det kan søkjast om tilskot til dekke over gjødsellager. Satsen er kr 100 000 pr lager.

Gjødsling og slått heilt inntil vassdrag vil også medføre avrenning. Det skal ikkje gjødslast og haustast heilt inn til kanten på vassdraga. For å avbøte på tap av hausteareal kan det løyvast tilskot pr da areal ute av drift. Det er eit vilkår at arealet ikkje vert gjøsla eller slått, og at det ikkje vert søkt arealtilskot. Det skal visast i kart kor mykje areal som går ut av drift. Satsen for tilskot vert sett lik AK-tillegget.

Uønska plantar (Svartelista artar)

For å bekjempe uønska artar kan det løyvast midlar til fjerning av slike plantar. Tilskot vert berekna ut i frå berekna kostnader, og utbetalt i samsvar med medgåtte utgifter. Det må legga fram plan for gjennomføring av tiltak. Tilskotssats vert sett til maks 70 % av kostnadsoverslag.

6 Søknadsfrist

Søknadsfrist vert sett til 15. april. Eventuelt attståande midlar etter den tildelinga vert fordelte fortløpande. Dersom det er behov for det, vert det lyst ut for ny søknadsrunde med frist 1. september.

7 Sakshandsaming

Tildeling av midlar vert gjort administrativt i samsvar med prioritering i tiltaksstrategien når søknadsfristen er ute. Klager vert politisk handsama.

8 Tilskotsbehov.

Som prioriteringane våre seier, ynskjer vi å kunne yte tilskot til eit breitt spekter. I tillegg til det som er sagt under prioriteringar, nyttar vi erfaringar frå tidlegare år når vi skal seie noko om behov for årlege tilskot for dei neste fem åra. Ved å vere kritiske til søknadene og utøve streng prioritering har vi dei siste åra kunna innvilge dei fleste søknadene som har fylt søknadskrava. Vi har då ikkje alltid oppnådd dei satsane som var skisserte i den tidlegare råma for behov av midlar.

Råme for bruk av og behov for midlar pr år, 2021-2025.

Tema	Sats	Årleg sum
Kulturområde av nasjonal verdi, skjøtsel og vedlikehald av bygningar	Opp til 30000	30000

Skjøtsel/rydding andre kulturområde og stølsområde	opp til kr 1500/da	100000
Bygningar klasse A	Maks 50 % av kostnadsoverslag Maks 100.000 pr bygg	100000
Bygningar klasse B og C	Maks 40 % av kostnadsoverslag Maks 60.000 pr bygg	300000
Steingardar/bakkemurar	Inntil 25% av kostnadsoverslag	70000
Turstiar/ferdselsårer	Opp til 2000/km	50000
Gjerdehald	Inntil 40% av kostnadsoverslag	50000
Forurensingstiltak	Opp til 100000	100000
Uønska plantar	Inntil 70% av kostnadsoverslag	20000
Årleg behov		820000

Midlane kan bli nytta på tvers av desse overslaga dersom det viser seg at søknadene som kjem inn ikkje samsvarar med fordelinga som er oppsett.